



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune
Att. Marta Rongved Dixon
Agnes Mowinckels gt 5
5020 Bergen

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		126702/2016	Lillian Sæther, 71 28 01 23	16.12.2016

Tilsegn om tilskot inntil 333 000 kroner frå dei regionale utviklingsmidlane, kap. 551 post 60, til forskingsprosjektet «Berekraftig cruisenæring».

Tilsegn nr. 2016 – 0265

Vi viser til dykkar søknad, datert 13.12.2016, om tilskot frå dei regionale utviklingsmidlane til forskingsprosjektet «Berekraftig cruisenæring».

Regional- og næringsavdelinga har etter fullmakt gjort følgjande vedtak :

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver Hordaland fylkeskommune eit tilskot frå dei regionale utviklingsmidlane, kap. 551 post 60 på Statsbudsjettet, inntil 333 000 kroner til forskingsprosjektet «Berekraftig cruisenæring».

Tilskotet er avgrensa til 7,5 % av totalt kostnadsoverslag på 4 420 000 kroner.

Det er ein føresetnad at prosjektet blir fullfinansiert.

Grunnlag for vedtaket :

Søknaden er behandla etter nasjonale føringar for regionale utviklingsmidlar, fylkesplan for Møre og Romsdal og Handlingsprogram for Verdiskaping 2016.

Til grunn for vedtaket ligg eit kapitalbehov på 4 420 000 kroner fordelt på følgjande hovudpostar :

Godkjent kostnadsoverslag :

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Hordaland fylkeskommune	50 000	50 000	20 000	120 000
SNF	300 000	450 000	150 000	900 000
TØI	350 000	350 000	150 000	850 000
Univ i Stavanger	300 000	400 000	200 000	900 000
Vestlandsforskning	770 000	520 000	360 000	1 650 000
Sum kostnad	1 770 000	1 770 000	880 000	4 420 000

Godkjent finansieringsplan :

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Hordaland fylkeskommune	200 000	200 000	54 000	454 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	150 000	150 000	33 000	333 000
Nærøyfjorden og Geiranger Verdsarvparkar	100 000	100 000	100 000	300 000
RFF Vestlandet	1 200 000	1 200 000	600 000	3 000 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	150 000	150 000	33 000	333 000
Sum finansiering	1 800 000	1 800 000	820 000	4 420 000

Prosjektet har følgjande resultatmål :

- Prosjektet skal gi verdifull og ny kunnskap om cruisenæringa.
- Denne kunnskapen vil bli delt med reiselivsnæringa på Vestlandet.
- Kunnskap vil kunne nyttast til regionale utviklingsprosessar i både privat og offentlig sektor.
- Modellane som blir utvikla i prosjektet vil nyttast til strategiske avgjerder og kan nyttast som plattformer for monitorering av endringar i cruiseindustrien.

Vilkår for utbetaling av tilsegna :

Prosjektet må ikkje starte opp før finansieringa er i orden.

Møre og Romsdal fylkeskommune skal nemnast som finansieringskjelde når det blir informert om prosjektet i media, til samarbeidspartar eller andre.

Reduksjon og inndraging av tilsegn

Dersom tilskotsmottakar ikkje fyller vilkåra som ligg til grunn for tilsegna, kan tilsegna falle bort eller bli redusert.

Det same gjeld dersom mottakar endrar planane som ligg til grunn for tilsegna. Utbetalt tilskot kan då bli kravd tilbake. Endringar kan berre gjerast etter godkjenning frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Virketid for tilsegn

Tilsegna fell bort dersom Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje har motteke oppmoding om utbetaling innan tilsegnsåret og dei tre påfølgjande åra.

Berre i heilt særskilte høve, og etter skriftleg søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune, kan tilsegn forlengast i inntil eitt år. Søknad om forlenging må sendast Møre og Romsdal fylkeskommune seinast den 1. november i det siste året tilsegna er gyldig.

Utbetaling, rekneskap og rapportering

Det skal førast spesifisert rekneskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at han kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilsegna.

Tilskot kan berre utbetalast etterskotsvis.

Inntil 75 % av tilskotet kan bli utbetalt underveis i prosjektperioden. Søknader om delutbetaling må innehalde spesifisert rekneskap som er sett opp på same måte som kostnadsoverslaget.

Når prosjektet er avslutta kan det søkast om sluttutbetaling. Med søknaden må det følgje:

- Sluttrapport, som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.
- Revisorgodkjend rekneskap. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige må få rekneskapen bekrefta av autorisert rekneskapsførar.

Alle søknader om utbetaling skal sendast inn via www.regionalforvaltning.no.

Tilskotsmottakar må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt tilbake eller etterbetalt.

Kontroll

Møre og Romsdal fylkeskommune, departementet og Riksrevisjonen har høve til å kontrollere at tilskotet blir nytta etter føresetnadene.

Tilskotsmottakar pliktar å ta vare på rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekning av tilskotsbeløp.

Klage

Tilskotsmottakar har etter forvaltningslova har rett til innsyn i saksdokument som ligg til grunn for vedtaket.

Tilskotsmottakar kan klage på vedtaket innan 3 veker etter at dette brevet er mottatt. Klage kan sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune, regional- og næringsavdelinga, Postboks 2500, 6404 Molde.

Med helsing

Ragna Brenne Bjerkeset
ass. regional- og næringsjef

Lillian Sæther
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

AKSEPT AV TILSEGN

Tilsegn om tilskot inntil 333 000 kroner frå dei regionale utviklingsmidlane, kap. 551 post 60, til forskingsprosjektet «Berekraftig cruisenæring».

Tilsegn nr. 2016 – 0265.

Hordaland fylkeskommune næring har gjort seg kjend med, og aksepterer vilkåra for tilsegna.

Stad:

Dato:

Signatur:

Aksept av tilsegn skal sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune postboks 2500, Fylkeshuset, 6404 Molde, innan seks veker etter at tilsegnsbrev er mottatt.